

Svevngangar



AV NATT, AV LJOS



1. SELJERUNNE

Tekst: Olav H. Hauge, diktet 'Seljefloyta' fra Glør i oska

Melodi: Jo Hegle Sjøflot

Eg fann ein seljerunne
ein dag eg hogg ned mørk,
og skar ei vakker fløyte
av grøn og savgul bork.
Det var so fin ein vårdag,
eg minnest enno godt
eg sette meg i urdi
og bles ein liten slått.

Um kjærleik, kan eg tenkja,
um liv og død og slikt
som kjem i unggut-hugen
i draumar og i dikt.
Og ljose voner leika,
men lell var hugen sår.
for eg var sjuk og usæl
og berre femtan år.

Det græt ei seljefløyte
i vårgrøn markalid,
og denne ljoden plistrar
i hugen all mi tid.
Som smågut bles eg fløyte,
no har eg alle ord,
men maktar ikkje tolka
mi sorg og sut på jord.

*Jo Hegle Sjøflot: vokal, banjo, gitarer, trekkspill,
basstromme, tamburin*

*Marte Gautneb: vokal
Markus Agøy Sand: bass*

2. MOT SOLEGLAD

Tekst: Arne Garborg, 'Mot Soleglad' fra *Haugtussa*

Melodi: Jo Hegle Sjøflot

Det stig av Hav eit Alveland
med Tind og Mo;
det kviler klaart mot Himilrand
i kveldblaa Ro.

Eg saag det tidt som sveipt i Eim
bak Havdis graa;
det er ein huld, ein heilag Heim,
me ei kann naa.

Ho søv, den fine Tinderad
i Draume-bann;
men so ei Stund ved Soleglad
ho kjem i Brand.

Naar Dagen sig som Eld og Blod
i Blaae-Myr,
det logar upp med Glim og Glod
og Æventyr.

Det brenn i Brè og skjelv og skin
med Gullan-Bragd,
og Lufti glø'r i Glans av Vin,
Sylv og Smaragd.

Men av han døyr, den bleike Brand
som slokna Glod,
og klaart som fyrr ligg Alveland
i kveldblaa Ro.

Eg lengta tidt paa trøyte Veg
der ut til Fred;
men Lande fyrst kann syne seg,
naar Sol gjeng ned.

*Jo Hegle Sjøflot: vokal, piano, banjo, dobro,
trekkspill, nøkkelharpe
Marte Gautneb: vokal
Markus Agøy Sand: bass*



3. BORT FRÅ DEG

Tekst: Njal Vigleik Johnsen, 'Tuesday Night'
Gjendiktning: Jo Hegle Sjøflot, 'Bort frå deg'
Melodi: Jo Hegle Sjøflot

mørk er min veg
heim til mi seng
natta ho held att
alt eg no treng

ein, to, tre
å danse med deg
utan ende

morgonen renn
enno ein gong
gatene nynnar
ein stilna song


ein, to, tre
å danse med deg
utan ende

alltid kjende du vegen min
aldri lét du meg sjå
det som vende meg bort frå deg
alltid, alltid lét du meg gå

ei verd i seg sjolv
med vaklande steg
å, Gud i himmelen
vend augo til meg

ein, to, tre
å danse med deg
utan ende

alltid kjende du vegen min
aldri lét du meg sjå
det som vende meg bort frå deg
alltid, alltid lét du meg gå



før æva så visste eg kven du var
men dagar som kjem
dei gjev inga svar

alltid kjende du vegen min
aldri lét du meg sjå
det som vende meg bort frå deg
alltid, alltid lét du meg gå

Jo Hegle Sjøfot: vokal, banjo

Marte Gautneb: vokal

Kjetil Schjander Luhr: gitar, munnspeil

Sebastian Haugen: kontrabass

*Fra Oslo-Filharmonien: Bogumilo Doniász Nystedt
(fiolin), Alison Raymer (bratsj), Cecilía Göttestam (cello)*

4. VOND DAG

Tekst: Arne Garborg, "Vond Dag" fra *Haugtussa*

Melodi: Jo Hegle Sjøflot

Ho reknar Dag og Stund og seine Kveld
til Sunday kjen; han hev so trufast lova,
at um det regnde Smaastein yvi Fjell,
so skal dei finnast der i «Gjætarstova».
Men Sunday kjem og gjeng med Regn
og Rusk;
ho eismal sit og græt attunder Busk.

So vel ho veit han aldri svike kann,
um det kjem gode Dagar eller vonde;
han veit at daa ho aldri liva kunde,
men sokk og dreiv som kalde Lik i Land.
Men tungt er Hjarta i den unge Bringe,
og rædde Graaten kann ho ikkje tvinge.

Daa kjem ho heim ein Sundays Kveld
mot Haust,
av Hugverk mødd og sjuk av Auk og Otte
og trøytt og tung. All Dagen hev det aust
med Regn, so reint i Flaum ho vasse
maatte.
Ho berre skundar seg og vil i Seng.
Det er det einaste ho veit og treng.

Som Fuglen, saara under varme Veng
so Blodet tippar lik den heite Taara,
ho dreg seg sjuk og skjelvande i Seng
og vrid seg Natti lang i Graaten saare.
Det slit i Hjarta og det brenn paa Kinn.
No maa ho døy; ho miste Guten sin.

Jo Hegle Sjøflot: vokal, banjo, trekkspill, langeleik

Marte Gautneb: vokal, nøkkelharpe

Kjetil Schjander Luhr: gitar, charango

Sebastian Haugen: kontrabass

Nora Wifstad: Fiolin





5. HEIMKJENNING

Tekst: Tor Jonsson, 'Heimkjenning' fra *Mogning i mørket*

Melodi: Jo Hegle Sjøflot & Kjetil Schjander Luhr

Det er dei same fjell som før,
det er den same sol som blør
på tind og nut.

Og dei eg vende odd imot
er runne av den same rot,
med same sut.

Her dryp det dogg i Trongdalsnatt
og logar over løynde skatt
i Skuggeli.

Ein dom er over livet sagd:
Du skapar brød, du skapar bragd
i dagsens strid.

Den same nakne kvasse egg
med ørnereir i bergevegg
høgg skyer sund.

Og same skyyming sveiper inn
ei sumarnatt når dalen min
sig stilt i blund.

Det bevrar sol i blanke sva,
det susar vind i tusen blad
med stråleblenk.
Og sola gyller tind og glar, –
ho seglar fram att i eit skard
med siste skjenk.

Sjå elvestilla fær sin eld
av soleglad imellom fjell.
Den gråe grend
ligg glødd som tind i morgongry
av strålestriling gjennom sky.
Og hjarta brenn –

Jo Hegle Sjøflot: vokal, gitar, tramping

Marte Gautneb: vokal

Kjetil Schjander Luhr: dobro

Sebastian Haugen: kontrabass

6. GRAVFERDSHYMNE

Tekst: Aurelius Prudentius Clemens (rundt år 405), hymnen 'Jam maesta quiesce querela'
Gjendikning: Ragnhild Foss, 'Gravferdshymne' fra *Latinske hymnor og sekvensar*
Melodi: Jo Hegle Sjøflot

Tagna, sjel, i den tunge kvida!
Klaga ikkje um du lyt lida.
Mori må kje for barnet syrgja,
som i dauden fær livet byrja

Yver støvet me legg i jordi
stend som hogne i stein dei ordi:
«Ikkje bind honom daudelekkja,
sovna hev han, eg skal han vekkja!»

Lenge skal ikkje stundi vara
fyrr hans lekam til Gud skal fara.
Ingen då treng på attsyn tvila
når Guds røyst ropar heim til kvila

Sjeli tarv ikkje lenge venta,
himlens fuglar skal støvet henta,
sjel og lekam med liv og lynde
møtast skal i sitt reine ynde.

Frø som djupast i jord me sådde,
livet fann når mot ljøs det trådde;
so skal venen som no fær sova
finna livet som Gud hev lova

Tak då sådet som Gud vil gøyma,
lat det stilt under tuva drøyma;
ein gong akset skal solfylt duva,
kveiten mognast for Gud, som druva.

Skapt av Gud for ei sjel som trudde
Herrens visdom i støvet budde,
og i himlen, sin Gud til æra,
skal det atter si sjel få bera.

Lat so gras yver tuva fløyma,
Herren vil ikkje sine gløyma,
og den dag som i von me skodar
yver gravene eingong ródar.

Då lyt óg denne gravi gjeva
att det stov ho hev goymt for æva,
Herren sjolv skal på støvet anda,
i Guds bilet det upp skal standa.

*Jo Hegle Sjøftot: vokal, gitar, trekkspill, nokkelharpe,
klokkespill, perkusjon
Marte Gautneb: vokal
Kjetil Schjander Luhr: gitar
Sebastian Haugen: kontrabass*





7. HAN YNSKJER SEG EI HIMMELSK DRAKT

Tekst: William Butler Yeats, 'He Wishes for the Cloths of Heaven'

Gjendiktning: Arnfinn Haram, mars 2008, 'Han ynskjer seg ei himmelsk drakt',
etter ønske fra Maria Agoy Sand

Melodi: Jo Hegle Sjøflot, mars 2008, etter ønske fra Arnfinn

Å, hadde eg himmelens prydsauma drakt,
med belte av gull og av sylv så ljost,
den blåe, den bleike og myrke drakt
dv natt, av ljøs og av halvljøs

Då breidde eg drakti ut under din fot;
men eg, som er fatig, eig berre min draum;
og draumane breidde eg under din fot;
trø varleg, min ven, for du trør på min draum.

Jo Hegle Sjøflot: vokal, troorgel, trekkspill

Marte Gautneb: vokal

Bogumila Dowlas: Nystedt: fløin



8. VERONIKA

Tekst: Trolig av pave Johannes XXII (død 1334), 'Salve, sancta facies'

Gjendikning: Ragnhild Foss, rimbonnen 'Veronikas sveiteduk' fra *Latinske hymnor og sekvenser*

Melodi: Jo Hegle Sjøflot

Heil deg reine åsyn, du,
som vår frelsar målar,
so hans andlet for vår tru
fullt av kjærleik strålar.
Skinande som snøglans la
du på duken fine
pantet til Veronika,
andletsdragi dine.

Heil deg du all ævords pryd!
I ditt andlet hjarte
speglar seg din heilag-lyd
tett upp til til ditt hjarte.
Lat dei milde andlets drag
skirsla hug og mæle,
kalla oss den siste dag
upp til dine sæle.

Heil deg Kristus, æra vår
her i trengselstider!
Røyk og dust er livsens år,
kverv som lauv i lier.
Deg me fester augo på
til di sæle ródar;
når me då deg att fær sjå,
Herren sjølv me skodar.

Faret ditt me fylgjer glad,
hugen vandrar fegen
du vår sæle kvilestad,
og vår trøyst på vegen!
Lat kje fiend att oss nå!
Gjev oss alle saman
at me kan vår kvile få
i ditt rike! Amen.

Jo Hegle Sjøflot: vokal, banjo, gitar, trekkspill

Marte Gautneb: vokal

9. FELA

Tekst: Olav H. Hauge, "Fela" fra *Glør i oska*

Melodi: Jo Hegle Sjøflot

Eg har ei gomol fele.
Ho heng der på ein vegg,
og vevkon'nev og støv seg
på stol og skruve legg;
ho heng der som eit vitne
med sine strenger slitne.

I mange Herrens år har
ho hange der i ro.
Eg tok ho ned ei kveldstund
og vilde prøva ho.
Ho skreik og bar seg ille,
men let seg enno stille.

Eg freista strjuka varleg
min kjæraste slått,
men fælte radt av låten
og stogga heller brått
og leita etter veilo.
Men fela ho var heil, ho.

Det nyttar ikkje spela
um fela so er stillt,
når hugen din er brosten
og ber på sjukt og ilt.
For det er ikkje fela,
men sjeli som skal spela.

Jo Hegle Sjøflot: vokal, troergel, piano, trekkspill

Marte Gautneb: vokal

Sebastian Haugen: kontrabass

10. RING, VILLE KLOKKOR

Tekst: Alfred Tennyson, 'Ring Out, Wild Bells'

Gjendiktning: Olav H. Hauge, 'Ring, ville klokkor' fra *Dikt i umsetjing*

Melodi: Jo Hegle Sjøflot & Eirik Sukke

Ring, ville klokkor, mot vill sky,
mot stormflengd natt og nordljøs-blag:
Eit år skal døy fyrr morgondag,
ring, ville klokkor, lat det fly.

Ring myrkret ut so ljuset vinn,
ring, glade klokkor, yver øy:
Sjå året rømer, lat det døy:
ring lygni ut og sanning inn.

Ring ut all tæringsorg for deim
me ikkje meir kan rekka hand:
forsone rik og fatigmann,
ring rettarbot for manneheim.

Ring ut ei sak som alt er dømd,
all indre strid med mord og svik:
ring malm og adel i oss slik
at me kan forå oss med somd.

Ring ut all naud, all sorg og synd
og vantru som gjer verdi kald;

ring inn for mine kvad ein skald
med større makt og større mynd.

Ring ut det kaute ættemod,
og agg og ovund or vår hug;
ring kjærleik inn og arbeidsdug,
for samfunnsånd og rett slå ljod.

Ring gullgir ut or kalde sinn,
ring sjukdom ut og sott og sår;
ring ut dei tusund ufredsår,
og ring dei tusund fredsår inn.

Ring inn ei ætt meir modig, fri,
meir hjartevarm, meir mjuk på hand;
ring myrkret ut or alle land,
ring inn ein frelsar i vår strid.

Jo Hegle Sjøflot: vokal, gitar, munnspeil, tramping

Marte Gautneb: vokal

Kjetil Schjander Luhr: dobro

Sebastian Haugen: kontrabass

11. STILL MEG EI STORVENGJA SORG OVERSKYGDE

Tekst: Olav Aukrust, 'Still meg ei storvengja sorg overskygde' fra *Solbrenning*

Melodi: Jo Hagle Sjøflot

Still meg ei storvengja sorg
overskygde.

Einsleg i mismods borg
stur eg drygde.

Løynege gledurs tindrande
tusundfrygd

visna då voni den lindrande
burt var stygd.

Då, medan alt av ilt
leit seg, truddest
var det noko som stilt fyrebuddest.

Kva skal eg mimre, mæle
um stundi den
som fyllt av ei namnlaus sæle
eig meg enn!

Djupt i den høgste natt
fjetra låg eg.

Mang ein ugripeleg skatt
for meg såg eg.

Usegjeleg sælt var å leva
med alt i famn,
der tidloysa tøttest meg gjeva
det namnlause namn.

Ljuvt i ein tonande storm
alt som stivna
fram steig i strålende form,
lo og livna.

Skiropne himlar hjala
og song for meg.
Alle ting liksom tala
frå sjølv seg.

Evne som ned var lagd
djupt og løynelegt,
nådde si høgste bragd
blørnde roynlegt.
Det som i tingen trådde
upphavs-heitt,
bråforma, vann og nådde
sitt mål med eitt.

Stein vart til blømande torv
for augo mine.
Jamvel svaberg og skorv
tok te skine.
Det stråla i kvar ei kvorve,
i glap og óp. Og allting tottest meg horve
so sælt ihop.

Av fagert og sant og godt
gjenombåra
kvar åsyn og ham og hått
skein forklåra.
Varmt eg den elske måtte
som hata meg.
Med kjærleiken alt eg åtte.
Det kjende eg.

Sæl så eg ånd og ord
samanfalle.
Himmel og nyfødd jord:
alt og alle.
Lengslune bar ikkje lenger
ei pinsle svar:
motsetnad var ikkje lenger;
men einskap var.

No veit eg det, kven du er,
du som lyser
i myrkret som kvar i ser
og allting hyser.
No vågar eg namnet ditt skrive
et veit det visst.
Vegen, sanningi, livet.
Jesus Krist.

*Jo Hegle Sjøflot: vokal, langeleik, indisk zither,
traorgel
Marte Gautneb: vokal
Kjetil Schjander Luhr: charango*

12. BØN

Tekst: Arne Garborg, 'Bøn' fra *Haugtussa*

Melodi: Jo Hegle Sjøflot

Aa hjelp meg du som hjelpe kann!
Du ser kor saart eg strider.
Mitt Hjarta trøytt i tunge Band
forutan Von seg vrider.
Mi Naud eg kann kje ut faa sagt;
det vonde fekk so stor ei Magt;
som Brand i Barm det svider.

Ja hjelp meg du som hjelpe kann!
Til deg mi Bøn sender.
Du stridde sjølv og yvi vann;
du Myrke-Magti kjenner.
Mi Naud er stor, min Strid er fæl;
ver hja meg du som vil meg vel!
Daa veit eg alt seg vender.

Jo Hegle Sjøflot: vokal, piano

SVEVNGANGAR:

Jo Hegle Sjøflot | Marte Gautneb | Kjetil Schjander Luhr

PRODUKSJON:

Låter produsert av Jo Hegle Sjøflot:

Seljerunne; Mot soleglad; Han ynskjer seg ei himmelsk drakt; Veronika; Fela; Bøn

Låter produsert av Jo Hegle Sjøflot og

Kjetil Schjander Luhr:

Bort frå deg; Vond dag; Heimkjenning; Gravferdshymne; Ring, ville klokkor; Still meg ei storvengja sorg overskygde

Strykerarrangement på 'Bort frå deg':
Jo Hegle Sjøflot

Tekstene er brukt med tillatelse

Med unntak av 'Vond dag' og 'Still meg ei storvengja sorg overskygde' er alle gjengitt i sin helhet

LYD:

Av natt, av ljøs er spilt inn, mikset og mastret i Propeller Music Division november 2019–januar 2020

Michael Scott Hartung: lydtekniker, miksing

Morgan Nicolaysen: mastering

Låta 'Seljerunne' er spilt inn i Norsk Lydstudio med David Michelsen og Markus Agøy Sand som teknikere

COVER:

Foto: Julia Marie Naglestad

Design: Eva Karlsson

TAKK TIL:

Frode Rolandsgard og Niels J. Røine i Ta:lik

Johannes Sjøflot for økonomisk støtte
Bror Haavar Simon Nilsen
Våre familier og venner



TA221 CD